Vikevåg skule
Sørbøvn 6
4150 Rennesøy
Tlf.: 51 72 06 00
E-post: tone.finnesand@stavanger.kommune.no

Stavanger kommune

Referat frå møte i SU, 12.01.2021

Til stades:
Medlemmer:

Elevar:	Elisabeth Stornes
Foreldre:	Maren J. Helland
	Hanne Beth H. Østbø
Tilsette:	Grete Elin Corneliussen
	Laila H. Teigen
	Anne Fløysvik
Politisk vald:	Snorre Sokn-kunne ikkje møte

Saker:
Sak 1. Oppgåver/mandat til samarbeidsutvalet
Kort orientering om retningslinjer for samarbeidsutval ved skulane i Stavanger kommune. Retningslinjene seier blant anna at SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

Sak 2. Val av styre
Følgjande blei valt:

Leiar:	Hanne Beth H. Østbø
Nestleiar:	Maren J. Helland
Sekretær:	rektor

Sak 3. Skuleåret 2020-2021
Korleis er stoda- korona mm.
Skulen har pr i dag 304 elevar og 48 tilsette. Vi har 15 klassar, 8 nynorsk og 7 bokmål. Vi har fleire større klasser enn tidlegare. Dette har vore nødvendig grunna økonomi. Vi må nytte ressursane på ein annan måte når vi får færre ressursar.

Skuleåret har vore prega av korona og smittevern. Det har lagt ein dempar på mykje av det som elles føregår i skulen. Det går særleg ut over felles arrangement. Smittevern har høg prioritet.
Det har og gått ut over felles tid og arbeid med felles planar for tilsette. Mykje av møtevirksomheita har føregått pr teams og tilsette har blitt oppfordra til heimekontor etter skuletid.
Gledeleg var det då heile skulen gjekk opp til Pilå og dansa BlimEdansen. Det var ei stor oppleving. Kjekt at heile skulen kan gjera noko saman. Takk til foreldra som stilte opp og filma dette.

Sak 4. Virksomheitsplan 2020-2021
Satsingsområder for skulen:

- Ny fagplan-Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020
- Handlingsplan for skulane i Stavanger kommune –
  Stavangerskolen mot 2025-Strategi for kvalitet,
  En felles plan for skular og sfo i Stavanger kommune.

Sak 5. Resultat diverse kartleggingar

Resultat nasjonale prøvar:
5.trinn

	2017	*2018*	*2019*	*2020*
Lesing	*49*	*49*	*48*	*48*
Rekning	*50*	*49*	*49*	*51*
Engelsk	*47*	*49*	*49*	*50*

Resultat nasjonale prøvar:
8.trinn

	2017	*2018*	*2019*	*2020*	
Lesing	*53*	*54*	*54*	*51*	
Rekning	*52*	*55*	*54*	*53*	
Engelsk	*53*	*52*	*53*	*50*	

Skulen sitt mål er å ligge på og over nasjonalt snitt. Vi har ein oppgang i rekning og engelsk på 5.trinn. I lesing har vi eit arbeid å gjere. Vi må starte allereie i 1.klasse med tidleg innsats.

Resultat foreldreundersøking 3. og 6.trinn
Undersøkinga viser eit godt resultat men deltakinga er låg. Det blei føreslått å gi premie til den klassen med høgast deltaking.

Elevundersøkinga 7.trinn
Den er og god. Undersøkinga blir gjennomgått med kontaktlærarane der vi ser på punkt vi kan forbetre. Elevane skal og delta i dette arbeidet.
SU meiner at vi gjennomfører eiga undersøking. Då får alle elevane si stemme høyrt og det gir god informasjon til skulen.

Sak 6. Skulerute 2021-2022
Mykje er allereie fastlagt i skuleruta som felles dag for skulestart og siste skuledag, vinterferie og påskeferie.3 av 5 planleggingsdagar er og bestemt på førehand, 18.08., 12.11. og 03.01.

Vikevåg skule har diskutert dette med tilsette og i medbestemmelsesmøte med UF. Vi ønskjer å ha de 2 siste planleggingsdagane 19.04., i forlenginga av påskeferien og 27.05. Det er en inneklemt dag som allereie er fridag for elevane.

Sak 7: Økonomi
Årsoppgjeret er ikkje ferdig men det ser ut til at overforbruket for skulen vil ligge på rundt 5,9 mill. Vi kjenner enno ikkje til budsjettet for 2021 men har fått signalar om at budsjetta for skular i tidlegare Rennesøy- og Finnøy kommune skal styrkast noko då dette er såkalla småskuler og ikkje har dei fordelane store skular i Stavanger har.

Sak 8: *Nytt ordensreglement for Stavanger skulane*
Det er nytt ordensreglement gjeldande frå 01.01.2021. Rektor meiner dette ser oversiktleg og ryddig ut.
Vi legg dette fram for tilsette og klassane. Det blir og lekse til kvar enkelt barn.

Sak 9: *Eventuelt.*
Frå foreldra:
Grunna smittevern blei det få avslutningar før jul. Foreldre ønskjer dersom smitta har lagt seg at det blir fleire avslutningar for klassane til sommaren, td i skulegarden eller Prestvågen. Elevane kan td eit lite opptrinn for foreldre.

Foreldre ønskjer og å kjøpe inn diverse leiker som for eksempel bøtter, spann, volleyballnett, knivar mm. Rektor og foreldre har kontakt angåande dette.

Foreldre har og blitt kontakta om foreldregruppa kan gjera ein dugnad på uteområdet. Skulen stiller seg positiv til dette og vil hjelpe til der dei kan.

Referat ved
Tone Olsen Finnesand
Rektor